



Sakshandsamar:

Eirik H. Hamre

E-post: eirik.h.hamre@sf-f.kommune.no

Tlf: 57 65 62 26

Vår ref.

Ark.nr.: 05/1646/L.nr: 10/06

Gje alltid opp vår ref. ved kontakt


Dykkar ref.

Dato

LEIKANGER, 02.01.2006

Kunnskapsdepartementet
Postboks 8119 Dep

0032 OSLO



Høyringsuttale - forslag til endringar i opplæringslova - Opplæring i helseinstitusjonar og barnevernsinstitusjonar.

Viser til brev frå dykk datert 09.11.05.

Fylkesdirektøren for opplæring i Sogn og Fjordane vil med dette rå til at departementet går inn for alternativ 6;

Kommunalt ansvar for grunnskuleopplæring og fylkeskommunalt ansvar for vidaregåande opplæring i alle helseinstitusjonar og barnevernsinstitusjonar.

Dette alternativet har den store fordel at dei same forvaltningsnivåa som har ansvaret for grunnskule og vidaregåande opplæring og vil få ansvaret for opplæringa i institusjonane. Dette vil gje kommunane og fylkeskommunane betre høve til å fylgje opp elevane uavhengig av kvar opplæringa føregår.

Ein vil slik betre kunne sikre elevane sine rettar i høve opplæring spesielt med tanke på overgangane frå den skulen ein er registrert som elev på og over i dei opplæringstilboda som institusjonane skal tilby. Men og ved overgangen attende til den skulen som eleven kjem i frå i heimkommunen eller heimfylkeskommunen.

Ein vil og, gjennom ein slik modell, kunne ivareta dei faglege/pedagogiske utfordringane og tilretteleggingsbehov som den enkelte elev har på ein tettare og raskare måte enn ein vil kunne gjere gjennom dei andre skisserte alternativa.

For dei aller fleste av dei elevane som i løpet av opplæringstida si i grunnskule og vidaregåande skule vert plassert i enten helse- eller barnevernsinstitusjon, så vil desse plasseringane vere av relativt kortvarig karakter. I dei fleste høve vil ein og ta sikte på ei snarast mogeleg tilbakeføring til heim og nærmiljø for desse elevane.

Slik vil dette alternativet og vere med på å leggje til rette for at denne tilbakeføringa kan skje på enklaste og beste måte for eleven.

Vi vil her og nemne at det bør presiserast i lovtekst at det med bustadkommune/-fylkeskommune vert meint den kommunen/-fylkeskommunen der eleven er busett når det vert gjort vedtak om plassering i institusjon.

For dei elevane som etter endt institusjonsopphald skal flytte til ny kommune/fylkeskommune må ordinære reglar vedr. flytting fylgjast, og ny kommune/fylkeskommune vil då overta opplæringsansvaret på lik linje med andre elevar som flyttar mellom kommunar/fylkeskommunar.



Kort vurdering av dei ulike modellane som er skissert i høyringsbrevet.

Modell 1.

Fordelen med denne modellen er at det er same forvaltningsnivå og regelverk for opplæring i offentlege og private helseinstitusjonar.

Ein vil her unngå gjesteelevoppgjer.

Modell 2.

Fordelen med denne modellen er at det er same forvaltningsnivå og regelverk for opplæring både i helse- og barnevernsinstitusjonar.

Modell 3.

Fordelar med denne modellen er at staten ved helseføretaka får totalansvar for opplæring i offentlege og private helseinstitusjonar, samt at ein betre vil kunne samordne opplæring og behandling i institusjonen.

Ulempene ved denne modellen vil vere at det vert innført eit nytt forvaltningsnivå som i dag ikkje har opplæringsansvar, og at staten må få på plass dei hjelpetenestene somer regulert i opplæringslova.

Modell 4.

Fordelar med denne modellen er at staten ved Bufetat får totalansvar for opplæring i offentlege og private barnevernsinstitusjonar, samt at ein betre vil kunne samordne opplæring og behandling i institusjonen.

Ulempene ved denne modellen vil vere at det vert innført eit nytt forvaltningsnivå som i dag ikkje har opplæringsansvar, og at staten må få på plass dei hjelpetenestene som er regulert i opplæringslova.

Modell 5.

Vi vurderer det slik at det ikkje er fordelar ved at dagens ordning for private helseinstitusjonar vert vidareførde.

Viser og til høyringsbrevet som syner til fleire forhold som talar i mot dette forslaget.

Med helsing



Bekka Skaasheim
fylkesdirektør for opplæring



Eirik H. Hamre
rådgjevar

Kopi til:

Opplæringsavdelinga, Bekka Skaasheim
Opplæringsavdelinga, Reidun Liljedahl Fimreite
Opplæringsavdelinga, Ingeborg Lie Fredheim
Opplæringsavdelinga, Siri Merete Nedland